



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 24.11.2015

Sak nr.: 15/8820-5

Internt l.nr.: 51193/15

Sak: 7/15

Tittel: Regionale utviklingsmidlar 2015 fordeling 4

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vert støtta med 200 000 kroner til forprosjektet «Grønt skifte-grøn vekst basert på avfall som ressurs» i 2016.
2. Vestnorsk Filmkommissjon vert støtta med 300 000 kroner i driftsstøtte i 2016.
3. Næringsavdelinga vert støtta med 500 000 kroner til dekning av breibandprosjektet i 2016.
4. Næringsavdelinga vert støtta med 600 000 kroner til ei stilling som sikrar Noregs Forskingsråd sin representasjon i fylket for ein treårsperiode frå 2016-2018.
5. Adalia AS får avslag på søknad om tilskot til å lage TV-serie om gründerar i Sogn og Fjordane.
6. Bygge- og eigedomstenesta vert støtta med 150 000 kroner i anleggsbidrag ved utbygging av varmelegg ved Mo- og Øyrane vidaregåande skule, avd. Mo.
7. IT-forum Sogn og Fjordane vert støtta med 500 000 kroner i driftsstøtte for 2015.
8. Fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid vert støtta med 120 000 kroner fordelt med 60 000 kroner for 2016 og 60 000 kroner for 2017 til ei prosjektstilling innafor akvakulturforvaltning.
9. Tilskota vert finansiert slik:
 1. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Vestnorsk Filmkommissjon, bygge- og eigedomstenesta og fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid vert dekkja med disponible driftsmidlar frå budsjett 2015.
 2. Midlane til breibandprosjektet vert dekkja med disponible regionale utviklingsmidlar frå budsjett 2015, opphavleg avsett til nyskaping.

3. Finansiering av stillinga til Noregs Forskingsråd vert henta frå budsjetterte midlar til satsinga kunnskap for 2015, tenesteområde 7018 kunnskap.
4. Tilskotet til IT-Forum vert dekkja med avsette midlar i budsjett for 2015, tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi.